

Til naboar, gjenbuarar,  
rettshavarar og offentleg mynde

OSE AS  
Vikeøyane 7, 6150 Ørsta  
Tlf 70 04 52 20  
firmapost@oseing.no

Vår ref.: P1852 Ålesund 04.07.2023

[oseing.no](http://oseing.no)

## Detaljplan FTU3 utleigehytter ved Kursetstranda – varsel om oppstart av planarbeid

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-3 og 12-8 blir det med dette varsla om igangsetjing av privat detaljregulering for del av eigedomene gbnr. 51/38 mfl. i Sykkylven kommune.

Bjørn Idar Lyngvær er forslagsstillar og OSE AS er plankonsulent for planarbeidet.

### Lokalisering

Planområdet ligg på Kursetgjerdet, Hundeidvika i Sykkylven kommune.

### Mål med planarbeidet

Målsetjing med planen er å leggje til rette for:

- 8 - 10 panorama hytter for utleige
- Avkøyrsløp frå vegen Kursetstranda
- Biloppstillingsplassar
- Regulere inn eksisterande naust, eventuelt nye naust

### Planområdet

Planområdet består av eigedomane gbnr. 51/5, 11, 17, 24, 31, 34, 35, 36, 38 og 54/10, 110.

Planområdet kan bli utvida ovanfor kommunevegen. Planområdet er på om lag 8 daa.

Avgrensinga av planområdet kan bli endra før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn.

### Planstatus

#### Overordna plan

I arealdelen for Sykkylven kommune har planområde formål naust, med mindre del av med formål LNF (landbruk, natur og friluftsområde). I pågåande rullering av kommuneplanen sin arealdel har området vorte endra til formål til fritids- og turistformål.

#### Regulering

Planområdet er ikkje regulert. Det pågår ikkje regulering ved planområdet.

#### Dispensasjon/vedtak

Det er ikkje gjeve dispensasjon eller vedtak som legg føringar for regulering.

### **Konsekvensutgreiing**

Arealbruken er avklart i overordna plan og ønska bruk av området er ikkje i samsvar med gjeldande KPA Sykkylven. Ønska bruk av området er i samsvar med framlegg til ny KPA Sykkylven.

Etter § 6b skal reguleringsplanar alltid KU-vurderast etter tiltak i vedlegg I.  
Det blir vurdert at planen ikkje vil kome i inngrep med tiltak i vedlegg I.

Etter § 8 skal planar KU-utgreiast dersom dei får vesentleg verknad for miljø og samfunn og tiltak i vedlegg II. Det blir vurdert at planen ikkje vil få vesentleg verknad for miljø eller samfunn.

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

### **Oppstartsmøte med kommunen**

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 16.06.2025, med følgjande hovudpunkt:

- Naturfare
- Strandsone
- Trafikktryggleik

### **Informasjon og medverknad**

Det vil bli sendt varsel om oppstart til naboar og gjenbuarar, kunngjering i lokal avis og på nettet, i samsvar med pbl. § 12-8. For nærare informasjon ta kontakt med OSE, mob. 974 89 987 eller e-post [plan@oseing.no](mailto:plan@oseing.no). Reguleringsarbeidet blir vurdert til å gje små negative ulemper for naboar. Naboar har vorte orientert om at det blir starta opp regulering og kva som er målet med reguleringa. Det blir difor ikkje lagt opp til medverknadsmøte i samband med oppstart av planarbeid.

### **Meir informasjon**

Møtereferat frå oppstartsmøtet 16.06.2025, varslingsbrev, planinitiativ og forskjellige kart blir lagt ut på Sykkylven kommune sine heimesider og på OSE sine heimesider under [kunngjeringar](#).

### **Merknadar til oppstartsmeldinga**

Merknadar som har verknad eller interesse for planarbeidet kan sendast:

OSE AS på e-post [plan@oseing.no](mailto:plan@oseing.no) eller

OSE AS  
Vikeøyrane 7,  
6150 Ørsta

Frist for merknadar vert sett til **18.08.2025**. Merk fråsegn med P1852.

Alle mottekne dokument og merknadar blir sendt kommunen saman med planframlegget.

### **Vidare sakshandsaming**

Etter at meldingsfrista er ute vil plandokumenta bli utarbeidd for deretter å bli sendt kommunen for sakshandsaming. Etter handsaming i kommunen blir plandokumenta lagt ut til offentlig ettersyn. Det vil då bli høve til å kome med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming og vedtak.

Med helsing



Bjarte F Friisvold  
Arealplanleggar  
Mob 974 89 987  
bjarte@oseing.no

#### **Vedlegg:**

DP FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda - plangrense\_gråtone\_2025.07.04  
DP FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda - plangrense\_komplan\_2025.07.04  
DP FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda - plangrense\_regplan\_2025.07.04  
DP FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda - plangrense\_flyfoto\_2025.07.04

#### **Vedlegg heimeside:**

Referat frå oppstartsmøte 16.06.2025  
Planinitiativ  
Oversiktskart

#### **Brev sendt elektronisk til:**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen  
NVE  
Mattilsynet  
Fiskeridirektoratet  
Kystverket  
Sykkylven kommune  
Sykkylven energi AS  
Hundeidvik vassverk BA  
Attvin AS

Brev:

|                           |                  |                 |
|---------------------------|------------------|-----------------|
| Skodjevåg Sandra C Sundet | Røtbakken 33c    | 6390 Vestnes    |
| Sundet Berit Margrethe    | Langmyrvegen 41  | 6415 Molde      |
| Kursetgjerde Arild        | Øyravegen 8      | 6230 Sykkylven  |
| Kursetgjerde Vidar        | Helleborg 2      | 6004 Ålesund    |
| Kvamme Ruth Utgård Fløde  | Hatlevika 112    | 6016 Ålesund    |
| Dahl Amali Utgård         | Kursetstranda 73 | 6224 Hundeidvik |
| Voldengen Victoria N      | Kursetstranda 77 | 6224 Hundeidvik |
| Torset Eirik Urke         | Kursetvegen 33   | 6224 Hundeidvik |
| Torset Sonja Hjelle       | Kursetvegen 33   | 6224 Hundeidvik |
| Utgård Ole Martin         | Kursetvegen 26   | 6224 Hundeidvik |
| Utgård Leiv Hallgrim      | Øllsvikvegen 31  | 6013 Ålesund    |
| Utgård Arne Bård          | Kursetstranda 65 | 6224 Hundeidvik |